



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK
Heradsstyret



Møtedato: 20.02.2025
Møtetid: 16:00 - 22:00
Møtestad: Lonevåg, rådhuset, Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Kurt Ove Øksnes	Medlem	FRP
Lars Fjeldstad	Ordfører	SP
Alexander Thunestvedt	Varaordfører	AP
Turid Bjørndal Njåstad	Medlem	SP
Helge Valestrand Edvardsdal	Medlem	SP
Gerd Karin Njaastad	Medlem	SP
Johannes Haugland	Medlem	SP
Janne Daltveit Tveit	Medlem	SP
Frode Flesland	Medlem	SP
Herdis Helle	Medlem	AP
Ann Kristin Borge	Medlem	AP
Geir Olsen	Medlem	AP
Jarle Skeidsvoll	Medlem	KRF
Bjarte Hammer Aarland	Medlem	KRF
Roy Håkon Jenssen	Medlem	SV
Kim Andre Hartveit	Medlem	FRP
Sigmund Arve Faugstad	Medlem	FRP
Ragnar J Tyssebotn	Medlem	FRP
Sebastian Andre Haugland	Medlem	H
Johannes O Borge	Medlem	H
Aksel Mjøs	Medlem	H
Roald Waldemar Martinsen	Medlem	H
Renathe Tangen	Medlem	V
Roy Husebø	Medlem	INP
Ann Helen Solberg	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Ruben Nielsen	MEDL	FRP
Trygve Tønnessen	MEDL	U

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Stian Torp		U
Tor Georg Hella	Gildskapsvara i sak nummer PS4/25 for Aksel Mjøs	H

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Politisk sekretær

Kommunedirektøren

Kommunalsjefen for samfunnsutvikling

Kommunalsjef for felles oppvekst, undervisning og kultur

Kommunalsjef for helse, omsorg og sosial

Møtebok er publisert på kommunen si nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Sakstittel
RS 1/25	Orientering frå Helse og Omsorg
PS 1/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/25	Godkjenning av møtebok 05.12.2024
PS 3/25	Referatsaker og meldinger
RS 2/25	Protokoll Osterøy kontrollutval 28.11.24
RS 3/25	Protokoll Osterøy kontrollutval 11.02.25
RS 4/25	Møteutskrift sak 05-25 Osterøy kontrollutval
RS 5/25	Vedrørande båtrute Osterfjorden
RS 6/25	Referat fra eiermøte 6. desember 2024 BIR AS, vedlagt også presentasjonen som ble holdt i møtet
RS 7/25	Protokoll fra Bedriftsforsamlingens møte, referat fra eiermøte samt presentasjoner i møtene
RS 8/25	Protokoll Representantskap 2-2024 Region Nordhordland Helsehus IKS, mandag 16. desember
RS 9/25	Protokoll for styremøte - Opro AS
RS 10/25	Informasjon om ny valglov
PS 4/25	3. gong handsaming - detaljregulering Helldal småbåthamn og strandsone - PlanID 4630_2022001 - gbnr 86/5 m.fl. Hosanger
RS 11/25	Oppfølging av budsjettvedtak for 2025 på 50% avdelingsleiar i heimetenesta
RS 12/25	Konsekvensar av vedtak i Heradstyre om nedtrekk ferievikar - budsjett og økonomiplan 2025-2028
RS 13/25	Orientering om levert høyringsuttale ang. "Ny 420 kV samband Samnanger - Øygarden"
PS 5/25	Lokale retningslinjer skilt - blå stadnamnskilt og brune serviceskilt
PS 6/25	Evaluering av Osterøy frivilligsentral
PS 7/25	Temaplan psykisk helse og rusomsorg 2025 - 2029
PS 8/25	Tilleggslyyving oppføring av forsterka bustadar Reigstad

- PS 9/25** Eigarskapsmelding
- PS 10/25** Valdag - Stortings- og sametingsvalget 2025
- PS 11/25** Stortings- og sametingsvalet 2025 - røystekrinsinndeling og røystestader på valdagen
- PS 12/25** Val av politisk arbeidsgruppe til KPD kulturmiljø
- PS 13/25** Supplering av medlem/varamedlem og utvalsleiar til forliksrådet 2025-2028
- PS 14/25** Andre saker/spørsmål/interpellasjoner

Lars Fjeldstad

Ordførar

RS 1/25 Orientering frå Helse og Omsorg

PS 1/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Heradsstyret - 20.02.2025 av sak 1/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Roald Martinsen (H) har ei sak mot slutten av møtet.

Innkalling og saksliste vart godkjend

Vedtak i Heradsstyret - 20.02.2025 av sak 1/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vart godkjend

PS 2/25 Godkjenning av møtebok 05.12.2024

Handsaming i Heradsstyret - 20.02.2025 av sak 2/2025 Godkjenning av møtebok 05.12.2024:

Møtebok vart samrøystes godkjend

Vedtak i Heradsstyret - 20.02.2025 av sak 2/2025 Godkjenning av møtebok 05.12.2024:

Møtebok vart godkjend

PS 3/25 Referatsaker og meldinger

Handsaming i Heradsstyret - 20.02.2025 av sak 3/2025 Referatsaker og meldinger:

Referatsakene vart tekne til vitande med følgjande protokolltilførsel i RS 9/25:

Felles protokolltilførsel frå AP og FRP i sak "RS 9/25 Protokoll for styremøte - Opro AS"

Vi syner til sak 18/24 i protokoll styremøte for Opro AS den 25. 09 2024.

Representantane til Ap og Frp i heradsstyret er positive til tett samarbeid mellom Opro AS og andre VTA-bedrifter i Nordhordaland.

Vi vil likevel skeptiske til at slikt samarbeid tek form av ein framtidig fusjon/bedriftssamanslåing.

For Ap og Frp er det viktig at kommunen, gjennom at Opro AS vert verande eit heileigd kommunalt selskap, beheld full kontroll med eigarstyringa av Opro AS.

Føremålet med å behalde full kontroll er å sikre at eit tilstrekkeleg tal VTA-arbeidsplassane vert verande i kommunen og at verksemda vert vidareutvikla her.

Vedtak i Heradsstyret - 20.02.2025 av sak 3/2025 Referatsaker og meldinger:

Teken til vitande med følgjande protokolltilførsel i RS 9/25:

Felles protokolltilførsel frå AP og FRP i sak "RS 9/25 Protokoll for styremøte - Opro AS"

Vi syner til sak 18/24 i protokoll styremøte for Opro AS den 25. 09 2024.

Representantane til Ap og Frp i heradsstyret er positive til tett samarbeid mellom Opro AS og andre VTA-bedrifter i Nordhordaland.

Vi vil likevel skeptiske til at slikt samarbeid tek form av ein framtidig fusjon/bedriftssamanslåing.

For Ap og Frp er det viktig at kommunen, gjennom at Opro AS vert verande eit heileigd kommunalt selskap, beheld full kontroll med eigarstyringa av Opro AS.

Føremålet med å behalde full kontroll er å sikre at eit tilstrekkeleg tal VTA-arbeidsplassane vert verande i kommunen og at verksemda vert vidareutvikla her.

PS 4/25 3. gong handsaming - detaljregulering Helldal småbåthamn og strandsone - PlanID 4630_2022001 - gbnr 86/5 m.fl. Hosanger

Handsaming i Heradsstyret - 20.02.2025 av sak 4/2025 3. gong handsaming - detaljregulering Helldal småbåthamn og strandsone - PlanID 4630_2022001 - gbnr 86/5 m.fl. Hosanger:

Tor Georg Hella vart gildskapsvara for Aksel Mjøs i sak 4/25.

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval

Forslag til reguleringsplan for Helldal småbåthamn og strandsone planID 4630_2022001 med plankart datert 23.10.24, føresegner datert 24.10.24, planskildring datert 24.10.24 - med tilhøyrande dokument vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av planog bygningslova § 12-10.

Votering:

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 20.02.2025 av sak 4/2025 3. gong handsaming - detaljregulering Helldal småbåthamn og strandsone - PlanID 4630_2022001 - gbnr 86/5 m.fl. Hosanger:

Forslag til reguleringsplan for Helldal småbåthamn og strandsone planID 4630_2022001 med plankart datert 23.10.24, føresegner datert 24.10.24, planskildring datert 24.10.24 - med tilhøyrande dokument vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av planog bygningslova § 12-10.

RS 11/25 Oppfølging av budsjettvedtak for 2025 på 50% avdelingsleiar i heimetenesta

RS 12/25 Konsekvensar av vedtak i Heradstyre om nedtrekk ferievikar - budsjett og økonomiplan 2025-2028

RS 13/25 Orientering om levert høyringsuttale ang. "Ny 420 kV samband Samnanger - Øygarden"

PS 5/25 Lokale retningslinjer skilt - blå stadnamnskilt og brune serviceskilt

Handsaming i Heradsstyret - 20.02.2025 av sak 5/2025 Lokale retningslinjer skilt - blå stadnamnskilt og brune serviceskilt:

Innstilling frå Formannskapet 12.02.2025:

1. Retningslinjene for blå stadnamnskilt og brune serviceskilt i Osterøy kommune blir vedteke slik dei ligg føre.
2. Kommunen ber Vestland fylke etablere følgjeskilting med severdigheitsskilt 640.10 (brunt kringleskilt) frå Osterøybrua og ferjekaia på Valestrand til Kossdalssvingane.
3. Kommunedirektøren får i oppdrag å gjennomføre ei rasvurdering av Kossdalssvingane ved hjelp av tildelte midlar frå Vestland fylke, og komme tilbake med ei orienteringssak til heradsstyret i løpet av første halvår 2025.

Framlegg frå Bjarte Aarland (Krf):

1. Retningslinjene for blå stadnamnskilt og brune serviceskilt i Osterøy kommune blir vedteke slik dei ligg føre.
2. Kommunen ber Vestland fylke etablere følgjeskilting med severdigheitsskilt 640.10 (brunt kringleskilt) frå Osterøybrua og ferjekaia på Valestrand til Kossdalssvingane, Osterøy museum og Hamre kyrkje.
3. Kommunedirektøren får i oppdrag å gjennomføre ei rasvurdering av Kossdalssvingane ved hjelp av tildelte midlar frå Vestland fylke, og komme tilbake med ei orienteringssak til heradsstyret i løpet av første halvår 2025.

Tilleggsforslag frå Frode Flesland (Sp):

Osterøy kommune skal ved skilting av stadnamn sikra at skrivemåten følgjer føresegnene i stadnamnlova, og at eventuelle avvik vert retta opp i samråd med Språkrådet og Kartverket. Skrivemåten skal samsvara med skrivemåten til allereie vedtekne adressenamn der dette er aktuelt.

(pkt 2 og 3 i kommunedirektøren sitt framlegg endrar nummerering til pkt. 3 og 4)

Votering:

Innstilling frå Formannskapet vart sett opp mot framlegget frå Bjarte Aarland (Krf).

Innstillingen fell med 7 røyster for og 19 røyster for framlegget frå Bjarte Aarland (Krf)

Røyster for Innstilling frå Formannskapet: Gerd Karin Njaastad (Sp), Helge Valestrand Edwardsdal (Sp), Lars Fjeldstad (Sp), Geir Olsen (Ap) (H), Johannes O Borge (H), Sebastian Andre Haugland (H)

Røyster for framlegget frå Bjarte Aarland (Krf): Frode Flesland(Sp), Janne Daltveit Tveit(Sp), Johannes Haugland(Sp), Turid Bjørndal Njåstad(Sp), Ann Helen Solberg (Frp), Kim Andre Hartveit (Frp), Kurt Ove Øksnes(Frp), Ragnar J Tyssebotn(Frp), Sigmund Arve Faugstad(Frp), Aksel Mjøs (H), Alexander Thunestvedt (Ap), Ann Kristin Borge(Ap), Herdis Helle(Ap), Bjarte Hammer Aarland (Krf), Jarle Skeidsvoll (Krf), Renathe Tangen (V), Roy Husebø (INP), Stian Torp (U), Roy Håkon Jenssen (Sv)

Tilleggforslag frå Frode Flesland (Sp) vart vedteke med 21 røyster for og 5 røyster mot (5Frp).

Vedtak i Heradsstyret - 20.02.2025 av sak 5/2025 Lokale retningslinjer skilt - blå stadnamnskilt og brune serviceskilt:

1. Retningslinjene for blå stadnamnskilt og brune serviceskilt i Osterøy kommune blir vedteke slik dei ligg føre.

2. Kommunen ber Vestland fylke etablere følgjeskilting med severdigheitsskilt 640.10 (brunt kringleskilt) frå Osterøybrua og ferjekaia på Valestrand til Kossdalssvingane, Osterøy museum og Hamre kyrkje.

3. Kommunedirektøren får i oppdrag å gjennomføre ei rasvurdering av Kossdalssvingane ved hjelp av tildelte midlar frå Vestland fylke, og komme tilbake med ei orienteringssak til heradsstyret i løpet av første halvår 2025.

Osterøy kommune skal ved skilting av stadnamn sikra at skrivemåten følgjer føresegnene i stadnamnlova, og at eventuelle avvik vert retta opp i samråd med Språkrådet og Kartverket. Skrivemåten skal samsvara med skrivemåten til allereie vedtekne adressenamn der dette er aktuelt.

(pkt 2 og 3 i kommunedirektøren sitt framlegg endrar nummerering til pkt. 3 og 4)

PS 6/25 Evaluering av Osterøy frivilligsentral

Handsaming i Heradsstyret - 20.02.2025 av sak 6/2025 Evaluering av Osterøy frivilligsentral:

Innstilling frå Levekårsutvalet:

Heradsstyret tek saken til vitande.

Frivilligsentralen kartlegg behov og ressursar hjå lag og organisasjonar.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 20.02.2025 av sak 6/2025 Evaluering av Osterøy frivilligsentral:

Heradsstyret tek saken til vitande.

Frivilligsentralen kartlegg behov og ressursar hjå lag og organisasjonar.

PS 7/25 Temaplan psykisk helse og rusomsorg 2025 - 2029

Handsaming i Heradsstyret - 20.02.2025 av sak 7/2025 Temaplan psykisk helse og rusomsorg 2025 - 2029:

Innstilling frå Levekårsutvalet:

Kommunedirektøren tilrår å vedta temaplan for psykisk helse og rusomsorg

----- Endringsforslag-----

Nytt avsnitt pkt 1.0 side 3:

Osterøy er eit samfunn med eit rikt lag- og organisasjonsliv. Og mange aktørar bidreg allereie med eit breitt og rikt tilbod til innbyggjarane. Men i frivilleg og ideell sektor ligg det òg eit unytta potensiale. Idrettslag, helselag og fleire andre foreiningar kan vere gode lagspelarar i kampen mot rus, utanforskap og psykisk uhelse. Det er òg fleire aktørar som bidreg direkte innan gjeldande planområde, men med støtte av kommunale ressursar kan dette bidraget truleg verte atskillig meir omfattande. Når me dreg i fellesskap, kan me

oppnå å kome nærare det ambisiøse, ruspolitiske målet: Ingen misbruker alkohol eller illegale rusmiddel i Osterøy kommune.

Nytt strategiområde:

Overordna strategiar

Mål

Motverke rusrelaterte lidningar, utanforskap og psykisk uhelse

Strategi

Meir samarbeid med frivillege lag og organisasjonar

Tiltak

Kontakte aktuelle lag og foreiningar for å kartleggje deira bidrag med ein kommunal innsatsfaktor

Prosessansvar

Eining for psykisk helse og rus

Osterøy frivilligsentral

Mål

Motverke rusrelaterte lidningar, utanforskap og psykisk uhelse

Strategi

Meir kompetanse på ROP hjå tilsette i sektorane helse og omsorg og oppvekst

Tiltak

Analysere trong for vidareutdanning eller liknande og utarbeide kompetanseplan

Prosessansvar

Einingsleiarar helse/omsorg og oppvekst

Mål

Motverke rusrelaterte lidningar, utanforskap og psykisk uhelse

Strategi

Informasjon til innbyggjarane

Tiltak

Utarbeide plan for informasjon, òg til minoritetsspråklege

Utarbeide plan for brukarmedverknad på systemnivå

Prosessansvar

Kommunedirektøren sin stab

Handlingsplan barn og unge si psykiske helse

Mål

Psykiske utfordringar blir fanga opp tidleg

Strategi

Saumlause overgangar mellom tenestene

Tiltak

Stryk ordet *Vurdere* (Nye inntaksrutiner: "Ei dør inn" til tenestene i Familiens hus)

Tiltak vaksne si psykiske helse

Mål

Tenestene som yt helsehjelp samarbeider godt, både på system og individnivå

Strategi

God samhandling mellom tenestene rundt den enkelte brukar for å reversere trend med auka medikamentbruk

Tiltak

Samarbeide med fastlegar for å kartleggje omfanget av utfordringsbiletet og iverksetje tiltak

Råd og vegleiing frå eksterne mynde som statsforvaltar, spesialisthelseteneste, Direktoratet for medisinske produkter

Prosessansvar

Kommunalsjef helse og omsorg

Mål

Psykiske utfordringar blir fanga opp tidleg

Strategi

Saumlause overgangar mellom tenestene

Tiltak

Vidareføre og utvide Helsestasjon for ungdom

Informere publikum om Helsestasjon for ungdom

Prosessansvar

Helsestasjon

Leiar Familiens hus

Tillegg handlingsplan rusfeltet

Mål

Utsetje rusdebut blant barn og ungdom

Strategi

Informasjon til føresette

Tiltak

Kalle alle 10.-klassingar med føresette inn til vegleiing hjå helsestasjon for unge

Prosessansvar

Familiens hus

Heradstyret, som budsjettmynde, avgjer eventuelle budsjettallokeringar.

Tilleggsforslag 1 frå Roy Håkon Jensen (SV):

Endringsforslag lagt til som tillegg til inkomne endringsforslag som skal sendes tilbake til administrasjon for vurdering.

FNs standarder for forhindring av rusbruk er gullstandarden på feltet, og det er hensiktsmessig av oss å følge den nyeste og mest effektive praksisen om vi ønsker å bruke kunnskapsformidling til å forebygge rusbruk blant unge. Vi vet allerede at kunnskapsformidling virker lite effektivt, så da bør vi gi oss selv best mulige forutsetninger.

Praksisen kommunen tidligere har fulgt på dette feltet har vært produkt av et fag som har vært på et såpass lavt akademisk nivå til at et samlet utvalg fra politi, medisin, fysikk, og rusforskning i juni 2024 konkluderte med at det var for dårlig pensum.

Punkter

1.

Hvor:

Fortsettelse av tredje avsnitt på del 4.4 «Allmennforebyggende tiltak»

Legg til:

«I den grad kunnskapsformidling til ungdom nyttast i kommunen skal den utførast i tråd med råd gitt av FN for evidensbasert forebygging av rusbruk blant unge. Dette vil blant anna sei at undervisning skal gis av rusomsorgen, at den skal være åpen og dialogbasert, og at det ikke skal tas i bruk skremsel som virkemiddel.»

Tilleggsforslag 2 frå Roy Håkon Jensen (SV):

Endringsforslag lagt til som tillegg til inkomne endringsforslag som skal sendes tilbake til administrasjon for vurdering.

Vi ser at det svært sjeldent meldes bekymring fra barnehager og skoler til barnevern til tross for at disse er noen av de trygge voksne som ser barna mest. Omsorgssvikt, vold, og overgrep bør oppdages så tidlig som mulig for å forhindre livslange traumer og et livsløp preget av rus og sykdom.

Vi kan ikke hjelpe en familie med problem om ingen melder fra om problemet, og vi må kunne stole på at barnevernet tar tak i bekymringen med de minst mulig inngripende virkemiddel for å kunne hjelpe familien tilbake på rett kurs.

Vi foreslår derfor at det arrangeres informasjonsmøter mellom Familiens Hus og styregrupper i skole og barnehage rundt tegn på omsorgssvikt, vold, eller overgrep, og hva terskelen bør være for å melde bekymring rundt et barns situasjon.

Punkter

1. Hvor:

I handlingsplanen, under «Alle barn opplever gode relasjoner, og at dei blir sett og hørt», under «Forebygge og avdekke omsorgssvikt, vald og overgrep, og at riktig tiltak blir satt i verk»

Legg til:

«Informasjonsmøter med tilsette om tegn på omsorgssvikt, vald, eller overgrep, og hva terskel for å melde bekymring bør være.» Ansvar: «Styregruppe i skule og barnehage, Familiens Hus»

Tilleggsforslag 3 frå Roy Håkon Jensen (SV):

Endringsforslag lagt til som tillegg til inkomne endringsforslag som skal sendes tilbake til administrasjon for vurdering.

Vi ser at det svært sjeldent meldes bekymring fra barnehager og skoler til barnevern til tross for at disse er noen av de trygge voksne som ser barna mest. Omsorgssvikt, vold, og

overgrep bør oppdages så tidlig som mulig for å forhindre livslange traumer og et livsløp preget av rus og sykdom.

Vi kan ikke hjelpe en familie med problem om ingen melder fra om problemet, og vi må kunne stole på at barnevernet tar tak i bekymringen med de minst mulig inngripende virkemiddel for å kunne hjelpe familien tilbake på rett kurs.

Vi foreslår derfor at det arrangeres informasjonsmøter mellom Familiens Hus og styregrupper i skole og barnehage rundt tegn på omsorgssvikt, vold, eller overgrep, og hva terskelen bør være for å melde bekymring rundt et barns situasjon.

Framlegg frå Bjarte Hammer Aarland (Krf):

Planen vert sendt attende for ein administrativ vurdering av alle innkomne endringsforslag.

Votering:

Framlegg frå Bjarte Hammer Aarland (Krf) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 20.02.2025 av sak 7/2025 Temaplan psykisk helse og rusomsorg 2025 - 2029:

Planen vert sendt attende for ein administrativ vurdering av alle innkomne endringsforslag.

PS 8/25 Tilleggsøyving oppføring av forsterka bustadar Reigstad

Handsaming i Heradsstyret - 20.02.2025 av sak 8/2025 Tilleggsøyving oppføring av forsterka bustadar Reigstad:

Innstilling frå Formannskapet 12.02.2025

Kommunedirektøren tilrår at bygging av tre bustadar og personalbase på Reigstad vert iverksett og at opprinneleg løyving vert auka med kr. 1,2 mill. inkl. mva. til ei samla løyving på kr. 8,7 mill. inkl. mva.

Ein må seinare på året vurdere om tilleggsøyvinga skal finansierast gjennom auka låneopptak, eller innanfor den vedtekne ramma for investeringsbudsjett i 2025 på grunn av mindreforbruk eller forseinkingar i andre prosjekt.

Felles tilleggsforslag 1 frå Ap, Sp og Frp:

Heradsstyret ber kommunedirektøren å undersøke kostnadane med og bygge ut tomten mot vegen med 3-4 meter, og om naudsynt flytte/utvide innkøyringsvegen lenger mot stemma.

Dersom dette let seg gjere innanfor ei forsvarleg kostnadsramme, skal kommunedirektøren be om naudsynt tilleggsøyving. Heradsstyret gjev formannskapet fullmakt til å treffe vedtak om eventuell tilleggsøyving med opp til kroner 1 000 000,-.

Grunngjeving:

Byggetomta er smal og vanskeleg å bygge på. Å endre innkøyring og auke tomtestorleiken vil gjere det enklare å plassere bygget på ein god måte og gje auka bukvalitetar og betre arbeidstilhøve i dei nye bustadene.

Tilleggsforslag frå Herdis Helle (Ap)

Heradsstyret ber kommunedirektøren om å vurdere og flytte den planlagde leikeplassen til området ved ballbingen. Sjå framlegg frå Valestrand Grendaråd.

Grunngjeving:

Heradstyret vurderer at tomten ved dei forsterka bustadane er lite eigna for ein leikeplass slik Valestrandsplanen legg opp til. Det er betre bruk av pengane å plassere ny leikeplass ved ballbingen/torget. Der vil han bli brukt av fleire og kan bli rydda og halden vedlike av dei laga og organisasjonane som i dag tek ansvar for ballbinge og torg.

Votering:

Innstilling frå Formannskapet vart samrøystes vedteke

Felles tilleggsforslag 1 frå Ap, Sp og Frp vart vedteke med 21 røyster for og 5 røyster mot (4H, V)

Tilleggsforslag 2 vart samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 20.02.2025 av sak 8/2025 Tilleggsøyving oppføring av forsterka bustadar Reigstad:

Kommunedirektøren tilrår at bygging av tre bustadar og personalbase på Reigstad vert iverksett og at opprinneleg løyving vert auka med kr. 1,2 mill. inkl. mva. til ei samla løyving på kr. 8,7 mill. inkl. mva.

Ein må seinare på året vurdere om tilleggsøyvinga skal finansierast gjennom auka låneopptak, eller innanfor den vedtekne ramma for investeringsbudsjett i 2025 på grunn av mindreforbruk eller forseinkingar i andre prosjekt.

Heradsstyret ber kommunedirektøren å undersøke kostnadane med og bygge ut tomten

mot vegen med 3-4 meter, og om naudsynt flytte/utvide innkøyringsvegen lenger mot stemma.

Dersom dette let seg gjere innanfor ei forsvarleg kostnadsramme, skal kommunedirektøren be om naudsynt tilleggsløyving. Heradsstyret gjev formannskapet fullmakt til å treffe vedtak om eventuell tilleggsløyving med opp til kroner 1 000 000,-.

Grunngjeving:

Byggetomta er smal og vanskeleg å bygge på. Å endre innkøyring og auke tomtestorleiken vil gjere det enklare å plassere bygget på ein god måte og gje auka bukvalitetar og betre arbeidstilhøve i dei nye bustadene.

Heradsstyret ber kommunedirektøren om å vurdere og flytte den planlagde leikeplassen til området ved ballbingen. Sjå framlegg frå Valestrand Grendaråd.

Grunngjeving:

Heradstyret vurderer at tomten ved dei forsterka bustadane er lite eigna for ein leikeplass slik Valestrandsplanen legg opp til. Det er betre bruk av pengane å plassere ny leikeplass ved ballbingen/torget. Der vil han bli brukt av fleire og kan bli rydda og halden vedlike av dei laga og organisasjonane som i dag tek ansvar for ballbinge og torg.

PS 9/25 Eigarskapsmelding

Handsaming i Heradsstyret - 20.02.2025 av sak 9/2025 Eigarskapsmelding:

Innstilling frå Formannskapet:

Eigarskapsmeldinga vert vedteke slik den ligg føre med alternativ 1 som modell for eigarskap av anlegg: Anlegga vert eigd, drifta og forvalta av frivillig lag eller organisasjon. Vilkår for at grunnen vert leigd ut, er at det vert gjeve tilgang til idrett-, friluftslivs- og undervisningsformål. Økonomisk støtte frå kommunen vert gitt som leigeinntekter etter avtale.

Heradsstyret ber administrasjonen gå i dialog med Osterøy aktiv og Osterøy IL om å definere Osterøyhallen og Osterøy stadion som sentralidrettsanlegg i kommunen, og kome tilbake med forslag til driftsløysingar (inkludert anleggseigar) for disse anlegga.

Framlegg til vedtak frå Roald Martinsen (H):

Framlegget om endra eigarskap må utgreiast meir før det kan handsamast av heradsstyret. Fråsegn frå første gongs høyring manglar i saka. I tillegg manglar høringsinnspill fra idrettslagene. Det vil vere eit viktig grunnlag for vurderingane til heradsstyret. Vi ber kommunedirektøren om å gå i direkte dialog med idrettslaga om dagens eigarskap og ei eventuelle endring i eigarskap.

De økonomiske konsekvensane av endring i eigarskap må også utgreiast. Ei endring i eigarskapstilhøva må ikkje føra til at idrettslaga får auka kostnader med å drifta anlegga. Konsekvensen av dette vil vere at idrettslaga må kompensere dette gjennom auka kontingent og treningsavgift for medlemmene. Ei slik auke vil vere svært uheldig, og strir mot prinsippet om at det skal vere økonomisk mogeleg for alle å delta i idrett.

Kostnader :

- Straum (kva betaler kommunen idag)
- Forsikring (både anleggsforsikring, bruksforsikring og personforsikring)
- Kommunale avgifter, vann, avløp, renovasjon
- Leige skule (vil ein framleis kunne bruke garderobe, toalett og gymsal vederlagsfritt)

Inntekter :

- Leige frå skule og barnehage (kva beløp er det tenkt årleg her og kor langvarige skal kontraktane vere?)
- Straumstøtte (kan dagens ordning vidareførast?)
- Driftstilskot (vil ein framleis kunne søkja om årleg driftstilskot i same storleik som før?)
- Investeringsstøtte ('norma' i dag er 25% av statleg stønad, vil den kunne vidareførast?)

Votering:

Framlegg til vedtak frå Roald Martinsen (H) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 20.02.2025 av sak 9/2025 Eigarskapsmelding:

Framlegget om endra eigarskap må utgreiast meir før det kan handsamast av heradsstyret. Fråsegn frå første gongs høyring manglar i saka. I tillegg manglar høringsinnspill fra idrettslagene. Det vil vere eit viktig grunnlag for vurderingane til heradsstyret. Vi ber kommunedirektøren om å gå i direkte dialog med idrettslaga om dagens eigarskap og ei eventuelle endring i eigarskap.

De økonomiske konsekvensane av endring i eigarskap må også utgreiast. Ei endring i eigarskapstilhøva må ikkje føra til at idrettslaga får auka kostnader med å drifta anlegga. Konsekvensen av dette vil vere at idrettslaga må kompensere dette gjennom auka kontingent og treningsavgift for medlemmene. Ei slik auke vil vere svært uheldig, og strir mot prinsippet om at det skal vere økonomisk mogeleg for alle å delta i idrett.

Kostnader :

- Straum (kva betaler kommunen idag)
- Forsikring (både anleggsforsikring, bruksforsikring og personforsikring)
- Kommunale avgifter, vann, avløp, renovasjon
- Leige skule (vil ein framleis kunne bruke garderobe, toalett og gymsal vederlagsfritt)

Inntekter :

- Leige frå skule og barnehage (kva beløp er det tenkt årleg her og kor langvarige skal kontraktane vere?)
- Straumstøtte (kan dagens ordning vidareførast?)
- Driftstilskot (vil ein framleis kunne søkja om årleg driftstilskot i same storleik som før?)
- Investeringsstøtte ('norma' i dag er 25% av statleg stønad, vil den kunne vidareførast?)

PS 10/25 Valdag - Stortings- og sametingsvalget 2025

Handsaming i Heradsstyret - 20.02.2025 av sak 10/2025 Valdag - Stortings- og sametingsvalget 2025:

Innstilling frå Valstyret:

Stortingsvalet vert halde på fastsett dag, måndag 8.september 2025.
Vallokala er ope frå kl. 12:00 – 20:00

Votering:

Innstilling frå Valstyret vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 20.02.2025 av sak 10/2025 Valdag - Stortings- og sametingsvalget 2025:

Stortingsvalet vert halde på fastsett dag, måndag 8.september 2025.

Vallokala er ope frå kl. 12:00 – 20:00

PS 11/25 Stortings- og sametingsvalet 2025 - røystekrinsinndeling og røystestader på valdagen

Handsaming i Heradsstyret - 20.02.2025 av sak 11/2025 Stortings- og sametingsvalet 2025 - røystekrinsinndeling og røystestader på valdagen:

Innstilling frå Valstyret:

Det vert halde valting i følgjande krinsar på valdagen 8. september, og i desse lokala:

Fotlandsvåg krins: Fotlandsvåg skule

Lonevåg krins: Osterøyhallen

Hauge krins: Osterøy integrerings- og læringssenter

Valestrand krins: Ungdomshuset Kongshall

Haus krins: Haus skule

Bruvik krins: Knausatun ungdomshus

Votering:

Innstilling frå Valstyret vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 20.02.2025 av sak 11/2025 Stortings- og sametingsvalet 2025 - røystekrinsinndeling og røystestader på valdagen:

Det vert halde valting i følgjande krinsar på valdagen 8. september, og i desse lokala:

Fotlandsvåg krins: Fotlandsvåg skule

Lonevåg krins: Osterøyhallen

Hauge krins: Osterøy integrerings- og læringssenter

Valestrand krins: Ungdomshuset Kongshall

Haus krins: Haus skule

Bruvik krins: Knausatun ungdomshus

PS 12/25 Val av politisk arbeidsgruppe til KPD kulturmiljø

Handsaming i Heradsstyret - 20.02.2025 av sak 12/2025 Val av politisk arbeidsgruppe til KPD kulturmiljø:

Innstilling frå Arbeidsutval for innstilling i valsaker valnemn:

Stian Torp

Kjersti Vevatne

Ann Kristin Borge

Turid Njåstad

Sebastian Haugland

Votering:

Innstilling frå Arbeidsutval for innstilling i valsaker valnemn vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 20.02.2025 av sak 12/2025 Val av politisk arbeidsgruppe til KPD kulturmiljø:

Stian Torp

Kjersti Vevatne

Ann Kristin Borge

Turid Njåstad

Sebastian Haugland

PS 13/25 Supplering av medlem/varamedlem og utvalsleiar til forliksrådet 2025-2028

Handsaming i Heradsstyret - 20.02.2025 av sak 13/2025 Supplering av medlem/varamedlem og utvalsleiar til forliksrådet 2025-2028:

Innstilling frå Arbeidsutval for innstilling i valsaker valnemn:

Utval:

Trygve Tønnessen

Jan Inge Wold

Ann Kristin Aakerlund Riise

Vara:

Roy Husebø

Kristin Merethe

Thomas Hjelmås

Framlegg til vedtak frå leiar av Arbeidsutval for innstilling i valsaker valnemn:

Trygve Tønnesen vert valgt som leiar

Votering:

Innstilling frå Arbeidsutval for innstilling i valsaker valnemn vart samrøystes vedteke.

Framlegg til vedtak frå leiar av Arbeidsutval for innstilling i valsaker valnemn vart vedteke med 20 røyster for og 6 blanke.

Blanke røyster: Roy Håkon Jenssen (Sv), Geir Olsen (Ap), Ann Kristin Borge(Ap), Lars Fjeldstad (Sp), Johannes Haugland(Sp), Turid Bjørndal Njåstad(Sp), Gerd Karin Njaastad(Sp)

Vedtak i Heradsstyret - 20.02.2025 av sak 13/2025 Supplering av medlem/varamedlem og utvalsleiar til forliksrådet 2025-2028:

Utval:

Trygve Tønnessen

Jan Inge Wold

Ann Kristin Aakerlund Riise

Vara:

Roy Husebø

Kristin Merethe

Thomas Hjelmås

Trygve Tønnesen vert valgt som leiar

PS 14/25 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner

Handsaming i Heradsstyret - 20.02.2025 av sak 14/2025 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner:

Framlegg til vedtak frå Roald Martinsen (H):

Vedtak ifm Holmane-planen:

Osterøy heradsstyre viser til Fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune sitt vedtak i sak PS 242/24 av 19. september 2024 «Fråsegn til Statens Vegvesen om oppstart av reguleringsendring - Holmane næring - Osterøy kommune», der de ber Statens Vegvesen trekkja sine motsegn mot «Forslag om oppstart av endring av reguleringsplan - Holmane Næring Fotlandsvåg - Endring av rekkjefølgjekrav».

Osterøy heradsstyre støtter Fylkesutvalget og ber også om at Statens Vegvesen trekker sine varsel om motsegn i denne saka.

Votering:

Framlegg til vedtak frå Roald Martinsen (H) vart samrøystes vedteke.

Spørsmål og Svar:

Spørsmål frå Roy Håkon Jenssen:

Angående temaplan for Psykisk Helse og Rusomsorg

Det var for noen år siden oppslag i Bygdanytt rundt ansatte fra Politiet som med tjenestevåpen på beltet dro til ungdomsskolen og holdt foredrag med materiell fra NNPF. Når jeg leser gjennom denne planen ser jeg det står at rusbruk blant ungdom er under landssnittet i kommunen og at slikt holdningsskapende arbeid og kunnskapsformidling ikke ser ut til å ha noen innvirkning.

Åpner denne planen for at slike strategier fortsatt benyttes i kommunen, og hvilket punkt i handlingsdelen vil det isåfall være underlagt?

SVAR: Planen viser til at «*haldningsskapande arbeid og kunnskapsformidling ofte blir nytta som eit rusførebyggjande tiltak. Effektar av slike tiltak er særst godt studert, og funna er nedslåande. Verken mediekampanjar eller ulike former for førebyggjande tiltak i skulen har vist seg å ha noko innverknad, verken på forbruk eller skader relatert til rusbruk.*». Planen drøfter ikkje vidare desse forskingsresultata. Helse- og omsorgstenestene skal drive kunnskapsbasert. Kunnskapsbaserte tenester er basert på forskingsbasert kunnskap, erfaringsbasert kunnskap og brukarkunnskap. Når resultata av forskning er så tydelege er det vurdert at kommunen bør prioritere andre tiltak som i større grad har effekt. Denne handlingsplanen har difor ikkje slike konkrete tiltak inne pr i dag.

Livssynsnøytralt seremonirom

Hvilke muligheter eksisterer i dag for livssynsnøytrale seremonirom i kommunen? Har vi tilgang til slike, og har kommunen gjort seg opp noen tanker om hvor slike seremonier eventuelt kunne holdes? Hva skal til for å få et slikt seremonirom i kommunen, og å få delt informasjon om dette til innbyggerne?

SVAR: Vi har drøfta ulike alternativ, men har ikkje noko fullgod løysing vi kan tilby på noverande tidspunkt. Eg har heller ikkje har tid til å gå godt nok inn i dette spørsmålet før møtet i dag. Eg ber difor om å få kome tilbake til dette spørsmålet med ei eiga sak til eit seinare møte.

Spørsmål frå Kim andre hartveit:

Hei, har nokre spørsmål eg vil ha svar på i heradstyret på torsdag:

I forbindelse med utbyggingsavtale på Espevoll skulle utbygger betale ei andel til kommunen når vatn og avløp var komme til Espevoll.

FrP ved Ragnar Tyssebotn har stilt spørsmål med om kommunen har fått inn disse pengane no.

Siden det ikkje framgår av tidlegare svar om pengane er komme inn til kommune eller ikkje, vert det nok èin gong stilt spørsmål her:

Har Osterøy kommune motteke dei 5 millionene for den delen av kostnadene som Osterøy Entreprenør skulle dekke jamfør utbyggingsavtalen som er vedteke av Heradstyret?

Jamfør utbyggingsavtalen var det èin restsum på 10 millioner, og etter avtalen skulle èin andel av dette betalast for kvar tomt som vart seld, «etter kvart som tomtane vert selde». Kan kommunedirektøren bekrefte at kommunen har motteke penger for dei tomtene som no er selde?

Svar:

Vi har fakturert og fått betalt i desember 2024 for de 5 mill. som Osterøy Entreprenør skulle dekke jamfør utbyggingsavtalen.

Vi held på å rekne ut kva vi kan fakturere på ein tomt som oppfyller kravene for fakturering.

Den vil bli fakturert i neste veke.

Spørsmål frå Herdis Helle:

I samband med overnevnte referatssaker, ber eg om at kommunedirektøren gjer greie for om kommunedirektøren har gjennomført dialog med Sjukepleiarforbundet og/eller Fagforbundet om eventuell innleige frå bemanningsbyrå, og i tilfelle innhaldet i denne dialogen.

«Kommunedirektøren skal prøve å unngå innleige fra bemanningsbyrå. All innleige av sjukepleiarar og helsefagarbeidarar fra bemanningsbyrå skal avtalast skriftleg med fagforeining med innstillingsrett etter arbeidstvistlova for den arbeidstakarkategorien innleiga gjeld. Unntak frå kravet om skriftleg avtale gjeld om man ikkje kan løyse lovleg forsvarleg bemanning utan.»

Eg ber vidare om at kommuendirektøren gjer greie for om helse og omsorg har innleigde frå bemanningsbyrå i tenestene i dag, eventuelt kor mange og i kva omfang.

Mvh Herdis Helle, heradstyremedlem (Ap)

Svar:

Det har ikkje blitt brukt vikarbyrå så langt i 2025, difor har det heller ikkje vore nødvendig med dialog m/hovudtillitsvalde.

Det vil særlig i sommerferieavvikling bli behov for innleige av bemanningsbyrå for å sikre forsvarlege tenester. Dersom ein ikkje skal nytte vikarbyrå må tenestene nytte meir overtid og i større grad hente inn på ekstravakter. Dette er potensielt dyrare enn å nytte vikarar og det skaper auka slitasje og auka sjukefråvær på sikt.

Sektoren skal igjennom tre store endringar i år, nytt journalsystem for heile sektoren, mobilt vaktrom for heile sektoren og nytt alarmsystem på Osterøytunet. Det er særskilt viktig at alle tilsette er klare for opplæring på desse systema og at sektoren ikkje har høgare sjukefråvær i dag. Den er allereie på over 10%.

Sektoren har arbeidd systematisk for å få ned bruk av vikarbyrå. Tenesta ynskjer i utgangspunktet ikkje å bruke vikarar frå byrå av mange grunnar og som vist til i utklippet under er bruk av byrå gått ned.

		hele år
	Osterøytunet	Vikarbyrå
	2020	kr 5 880 757,00
	2021	kr 4 999 606,00
	2022	kr 6 108 456,00
	2023	kr 8 179 943,00
	2024	kr 3 340 532,00

Spørsmål frå Johannes O Borge

Hei,

Eg har eit spørsmål ang.

PS 6/25

24/435

Evaluering av Osterøy frivilligsentral

som eg håpar de kan hjelpe meg med. Kva er kostnaden for Osterøy frivilligsentral for Osterøy kommune på årsbasis? Oppfattar at det vart starta opp med støtte for ei begrensa periode, kva var denne perioden, og kva kostar det når me tar heile kostnaden sjølv?

Med beste helsing

Johannes

Svar:

Kva er kostnaden for Osterøy frivilligsentral for Osterøy kommune på årsbasis?

- I 2025 er det budsjettert med ein nettokostnad for frivilligsentralen på kroner 520 000.

Oppfattar at det vart starta opp med støtte for ei begrensa periode, kva var denne perioden, og kva kostar det når me tar heile kostnaden sjølv?


- Tilskot for frivilligsentraler er heimla i forskrift. Så lenge denne forskriften er gyldig, vil vi få tilskot. Alle forskrifter kan endrast/bli oppheva. Tilskotet er i 2025 kroner 477 000 (er utbetalt). Det er per i dag ingen signal om endring.
- I tillegg er frivilligsentralen tildelt noko av integreringstilskotet kommunen får. Det er i 2025 budsjettert til 165 000. Frivilligsentralen får nokre prosent av tilskotet fordi dei tek ansvar for ein del språktiltak både for pensjonistar og andre.
- Når integreringstilskotet går ned i åra som kjem, kan ein difor vente ein høgare kommunal eigenandel. Ein vil då ligge på rundt 700 000 i 2025 kroner.
- Frivilligsentralen leiger lokale. Der er det inngått ein husleigekontrakt som løper til 1. april 2033. Denne kostnaden er i 2025 nesten 170 000 + straum. Dette er kostnader som vil løpe for kommunen fram til kontrakten går ut.

Spørsmål frå Renate Tangen (V)

Familiekoordinator

Syner til vedlagt bilete frå vedteke økonomiplan. Kva er planen for denne stillinga? Vedkommande som hadde denne stillinga sa opp i fjor, og starta ny jobb 1.februar. Der har ikkje vore utlyst nokon ny stilling, noko som kan sjåst i samanheng med ansettingsstopp i kommunen. Kva vil det då ha å seie for midlane ein får frå Statsforvaltar fram til august 2026? Og viktigast, kva konsekvens har dette å seie for familiane på Osterøy som treng dette tilbodet?

Barnekoordinator er ei lovpålagt oppgåve kommunen skal tilby (helse- og omsorgstenestelova § 7-2 a). Korleis levera Osterøy Kommune denne tenesta?



Venstre har ett tilleggsspørsmål til spørsmålet vi sendte 10.02, og som vi forøvrig ikke har fått svar på ennå.

Oppfølgingsspørsmål: Syner til forvaltingslova og helse- og omsorgstenestelova. Kva tenkjer Osterøy kommune er forsvarleg behandlingstid på søknad til forvaltninga i kommunen?

Håper dere kan svare oss innen rimelig tid.

Svar:

Det kan sjå ut som om spørsmålet omhandlar to ulike stillingar, familiekoordinator og barnekoordinator.

Familiekoordinator:

Familiekoordinator er eit prosjekt gjennom NAV som statsforvaltaren har støtta.

Personen som var i stillinga har gått over i anna stilling i NAV og prosjektet er difor stoppa som følgje av at kommunen ikkje har interne personar til å sette inn i stillinga.

Kommunen hadde ikkje informasjon om at prosjektmedarbeidaren skulle slutte når budsjettet var handsama i desember.

I budsjettet som vart vedteken i desember 2024, ligg denne stillinga inne frå 2026.

Som alle andre tiltak må ein i budsjettarbeidet for 2026 vurdere om denne stillinga skal stå som forslag frå kommunedirektøren inn i budsjettetbehandlinga.

Det er vurdert at prosjektperioden som står igjen er for kort til å klare å få inn aktuelle søkjarar og drive rekrutteringsprosessen og så få tid til å setje seg inn i stillinga.

Dette er ikkje ei lovpålagt stilling. Lovpålagte oppgåver vil fortsatt bli ivaretatt av flinke medarbeidarar på NAV og i andre tenester i kommunen, men desse familiane må då følge dei ordinære linene inn mot NAV og andre tenester, utan å ha ein familiekoordinator som koordinerer opp mot det behovet dei måtte ha.

Barnekoordinator:

Osterøy kommune har ikkje ei eiga stilling som barnekoordinator og har ikkje hatt det.

Vi har ein systemkoordinator som peikar ut barnekoordinator når det er behov for det for dei under 18 år.

Dette er det same systemet som ein har brukt over fleire år i forhold til å peike ut brukarkoordinator.

Kommunen har vald å ha eit system der ein av tenesteytarane som er rundt brukar blir vald som koordinator.

Forvaltningslova inneheld ikkje alminnelege føresegner om konkrete fristar for saksbehandlinga i den offentlege forvaltninga i forhold til helse og omsorgstenesta. Etter Forvaltningsloven § 11a skal forvaltningsorganet førebu og avgjera saka utan ugrunna opphald. Kommunen kan ikkje fastsette ei konkret forvaltningstid innan helse og omsorg, då dette vil variere frå sak til sak.

Spørsmål frå Aksel Mjøs

Hei,

To spørsmål til sak 7 i heradsstyret sitt møte 20.2. Eg ser for meg å stilla spørsmåla i møtet:

1) I kva grad imøtekjem denne planen kritikken frå

Riksrevisjonen <https://www.riksrevisjonen.no/rapporter-mappe/no-2024-2025/helse-og-velferdstjenester-til-personer-med-samtidig-rusmiddellidelse-og-psykisk-lidelse/>

"Det er sterkt kritikkverdig

- -at Helse- og omsorgsdepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet ikke har gjort nok for å sørge for at personer med samtidig ruslidelser og psykiske lidelser får den hjelpen de trenger, i form av behandling, aktivitet og oppfølging.
- -at samhandlingen mellom tjenestene ikke fungerer etter hensikten. Manglende behandling kan i dette tilfelle ha særlig store konsekvenser både for den enkelte og for samfunnet.

2) Pkt. 4.7.1 i Temaplanen omtalar bustadsosiale tilhøve, men viser m.a. ikkje til kommunen sin bustadsosiale plan der det er vedteke at ein ikkje skal leggja opp til at eldre og personar med rus og psykiatri skal bu saman. Kva er årsaka til dette, og eg vil be om at dette vert presisert.

Beste helsing

Aksel Mjøs

Svar:

Spørsmål 1: I kva grad imøtekjem denne planen kritikken frå Riksrevisjonen?

Rapporten frå riksrevisjonen var ikkje offentleg før i februar i år og denne planen har difor ikkje brukt rapporten som grunnlagsmateriale.

Men konklusjonen i rapporten frå Riksrevisjonen seier:

«I dag er verken helsetjenestene, de boligsosiale tjenestene, arbeidsrettet oppfølging eller andre meningsfylte aktivitetstiltak fleksible eller tilpasset for denne sårbare gruppen. Tilbudene er ofte fragmenterte, og det mangler koordinering mellom de ulike tjenestene.

Blant tjenestene som er fleksible og tilpasset disse personenes behov, finnes oppsøkende team, døgnbehandling i psykisk helsevern, individuell jobbstøtte (Individual Placement and Support) og Housing First, en modell som kombinerer bolig, tjenester og brukermedvirkning på en god måte.

Men disse tjenestene er ofte ikke tilgjengelige, og der hvor tilbudet finnes, er det begrenset kapasitet.»

Temaplanen seier dette om ROP (Rus og samtidig psykisk liding):

Temaplanen legg føringar for kommunen sitt ansvar overfor denne brukargruppa, men er ikkje bindande for spesialisthelsetenesta.

Planen beskriv korleis tenesta kartlegg brukarane som har helseutfordringar innan både rus og psykiatri (ROP) og at tiltaka blir individuelt tilpassa.

Det er ikkje mange brukarar innan dette feltet – slik at samarbeid og tenesteyting opp mot denne gruppa blir alltid individuelt tilpassa i Osterøy kommune.

Planen viser til at pasientane må få behandling som ser problema i samanheng – dette er enklare å få til i ein kommune med korte liner, enn i spesialisthelsetenesta er kommunen sin erfaring.

Denne erfaringa er ikkje lagt fram i planen, men det er ei kjent problemstilling at spesialisthelsetenesta ikkje klarer å behandle på tvers av sine avdelingar.

Også kommunen har utfordringar knytt til samarbeid på tvers opp mot denne gruppa pasienter, men det er ikkje skildra i detalj, då desse erfaringane blir knytt til kvar enkelt sak.

Handlingsdelen av planen viser til tiltak som er viktig for ROP brukarane:

- Utarbeiding av samarbeidsavtalar mellom tenestene og spesialisthelsetenesta (gjennom Helsefellesskapsstrukturen)
- buoppfølgingsteneste – (Ein variant av Housing first – Housing first er vi litt for små til som kommune)
- Oppretthalde av «arbeidsgruppa» - (politisk vedtak frå budsjettet for 2025)
- Rusoppfølgingsteneste- lågterskel
- Bustadane på Reigstad (politisk vedtatt)

Alle desse tiltaka vil kunne være retta mot denne brukargruppa. Det ligg ikkje inne tiltak som går mellom spesialisthelseteneste og kommune inne i denne temaplanen. Kommunen har liten grad av påverknad på slike tiltak. Det forumet kommunen kan nytte er Helsefellesskapet der spesialisthelseteneste og kommune møtes på kommunalsjefs-/kommunedirektør/ordførarnivå. Dette er ikkje skildra i planen.

Jamfør kritikken frå riksrevisjonen – så er mykje av det som kjem fram i rapporten til dels svart ut i planen, sjølv om den kom før rapporten.

Spørsmål 2) Pkt. 4.7.1 i Temaplanen omtalar bustadsosiale tilhøve, men viser m.a. ikkje til kommunen sin bustadsosiale plan der det er vedteke at ein ikkje skal leggja opp til at eldre og personar med rus og psykiatri skal bu saman. Kva er årsaka til dette, og eg vil be om at dette vert presisert.

Planen viser i kapittel 1.3 til at temaplanen skal sjåast i samanheng med bustadsosial handlingsplan.

Bustadsosial plan skal reviderast i inneverande planstrategiperiode.

Slik vi har sett det så er det naturleg at slike spørsmål blir ivaretatt i den planen

Svar på spørsmål frå Trygve Tønnesen (sendt i eige brev)

Hva er årsaken til at kommunen ikke fortløpende sender refusjonskrav til NAV for sykeperioder utover 16 dagesperioden for ansatte fram til de er tilbake på jobb. Særskilt krav så lenge tilbake som til 2021, 2022 og 2023? •

Vi sender krav fortløpende til Nav, fleire gangar i løpet av månaden. Det er den sjukmelde arbeidstakaren som må søkje om sjukepengar. Når det er gjort er det automatikk i at vi sender søknad om refusjon til NAV.

Hva er årsaken til at kommunen må tapsføre hele 1.3 millioner tilbake til 2021, er det manglende refusjonskrav fra kommunen til NAV eller er det andre forhold som kommunen sitt øverste organ bør kjenne til er årsaken?

Vi har sett av til tap i tilfelle vi ikke får inn alt som det ser søkt om fra NAV. Dette er reit rekneskapsteknisk og skuldast ikkje manglende refusjonskrav til NAV.

Grunna ulike årsaker kan det ta noko tid før opne saker er ferdig handsama hjå NAV. Det er heile tida løpande diskusjonar mellom NAV og Osterøy Kommune om refusjon av sjukepengar.

Kommunen kjenner ikkje alltid til alle forhold mellom en arbeidstakar og NAV. Som oftast er årsaka til uteståande krav at arbeidstakar ikkje har fulle rett til sjukepengar.

Det kan vere fleire årsaker til at arbeidstakar ikkje har full rett til sjukepengar. Døme på dette kan vere: arbeidstakar får andre ytingar frå NAV, er sjukemeldt i over eit år, får arbeidsavklåringspengar, arbeidstakar har fleire jobbar og er sjukemeldt.

Hvordan planlegger kommunedirektøren vidare oppfølging av refusjonskrav mot NAV for å hindre vidare tap av refusjonsrettighetene opp til 6 G.

Vi skal halde fram det gode arbeidet vi alt gjer i høve å få inn uteståande beløp vi har rett på. Det er eit tidkrevjande arbeid og vi har avgrensa kapasitet til å bruke på slike saker. Vi prioriterer likevel dette arbeidet innanfor dei personellmessige ressursane vi har og jobbar så effektivt vi klarer med å få inn uteståande.

Hvor stor del av sykepengene som stod som uteståande pr 30.6.2024 er i dag refundert fra NAV?

Om lag 3,5 mill av 4,9 mill

Er det blitt et høgere refusjonskrav pr 31.12.2024, er det noe kommunedirektøren kan finne ut til møtet i Heradsstyret.

Summen av refusjonskrav er relativt stabil og det er ikkje noko urovekkjande eller unormal auke i uteståande beløp hjå Nav.

Vedtak i Heradsstyret - 20.02.2025 av sak 14/2025 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner:

Vedtak ifm Holmane-planen:

Osterøy heradsstyre viser til Fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune sitt vedtak i sak PS 242/24 av 19. september 2024 «Fråsegn til Statens Vegvesen om oppstart av reguleringsendring - Holmane næring - Osterøy kommune», der de ber Statens Vegvesen trekkja sine motsegn mot «Forslag om oppstart av endring av reguleringsplan - Holmane Næring Fotlandsvåg - Endring av rekkjefølgjekrav».

Osterøy heradsstyre støtter Fylkesutvalget og ber også om at Statens Vegvesen trekker sine varsel om motsegn i denne saka.